

Fra: Lars-Erik Ervik [<mailto:larserikervik@gmail.com>]

Sendt: 4. juni 2014 21:46

Til: Lisbeth Alvær

Emne: Asfaltering i Langhøyane byggjefelt

Hei

Saksnummer: [12/444](#)

Saka gjeldt i korte trekk at det manglar asfalt på ett stykke av vegen mot nr 12, 14, 16, 18, 20, 22 og 24. Dette har vore slik sidan feltet var nytt på slutten av 90-talet.

Brøyting, dagleg bruk etc gjer at det no er verre enn nokon sinne. Ein er heilt nere på fjellet og bilane får hard medfart. Av historikken i mailen kan ein lesa andre ulemper dette medfører. Asfalteringa stoppa opp i si tid grunna det var strid om ein mur ved nr 10, at den låg der vegen skulle gått. Veg og mur har no lagt/stått slik i mange år og vil ikkje bli flytta med det første.

Tar no kontakt med deg for å få ei avklaring i denne saka, då eg har vore i kontakt med Tore Rikstad fleire gongar. Her har det ikkje vore nokon stor respons.

Det er generelt veldig lite som skjer, ikkje ein gong ei tilbakemelding på saka er det å få.

Om det så berre hadde kome eitt par lass grus til å byrja med hadde dette hjelpe på men i lengden er dette ikkje ei permanent løysing.

Forventar denne gongen å få ei tilbakemelding og om det er noko plan for å utbeta dette. Dette er ein kommunal veg som skrik etter oppgradering.

Tilhøva her nere ville blitt mykje betre om dette hadde vore på plass. Legg også ved nokre bilete som var teke av meg for ei tid tilbake, forholda er ikkje akkurat betre to vintra seinare.

Mvh

Lars-Erik Ervik

----- Forwarded message -----

From: **Lars-Erik Ervik** <larserikervik@gmail.com>

Date: 2013-07-16 16:40 GMT+02:00

Subject: Fwd: Asfaltering i Langhøyane byggjefelt

To: Tore.Rikstad@radoy.kommune.no

Hei igjen

Kan ikkje sjå noko form for tilbakemelding i denne saka, korleis ligg det an med dette?

Lars-Erik

----- Forwarded message -----

From: **Lars-Erik Ervik** <larserikervik@gmail.com>

Date: 2012/9/5

Subject: Asfaltering i Langhøyane byggjefelt
To: Tore.Rikstad@radoy.kommune.no

Hei

Sende som avtalt nokre bilete av korleis det ser ut nere i byggjefeltet hjå oss.
Behovet for asfaltering er stort og håpar de finn moglighetar for å utbetra dette.
Grusing av vegen vil hjelpe men det vil ikkje løysa problemet på lengre sikt. Ein er heilt på fjellet og bilane får hard medfart.
Astrid Mellingen har lenger nere i mailen beskrive andre problem.
Har forstått det slik at asfalteringa i si tid stoppa opp grunna at vegen her ligg ikkje heilt dar den skal,
då den kom for tett opptil muren til nr 10. Vegen har no lagt i snart femten år og eg reknar med at den ikkje blir flytta med det første.

Om du eller andre vil komma å kikka på korleis det ser ut, er de hjartelig velkomen for å sjå.
Er også interessert i å høyra frå deg når det gjeldt denne saka.

Mvh
Lars-Erik Ervik

Mrs
Astrid Wergeland Mellingen
Langhøyane 16, N-5936 MANGER, NORWAY
+47 90632915
e-mail astrid@wergeland.org

From: postmottak@radoy.kommune.no
To: astrid@wergeland.org; Tore.Rikstad@radoy.kommune.no
Date: Wed, 23 May 2012 10:48:23 +0200
Subject: SV: Asfaltering i Langhøyane byggjefelt.

Hei

Dykkar e-post er ført i sak 12/444.

Med helsing
Monika Soltveit Gabrielli
Radøy kommune, kultur- og sørvistorget

Tlf 56 34 90 00

monika.gabrielli@radoy.kommune.no

*Kultur- og sørvistorget: Opningstider man-fre mellom kl 8.00- 15.30. Sentralbordet (56 34 90 00) er ope mellom kl 8.30- 15.15.
Informasjon, dagleg drift av arkivet for rådhuset, skular og barnehagar, postføring, kultur, heimesider, turistkontor, tenester for innbyggjarar og besøkande.*

Fra: subbe78@hotmail.com [<mailto:subbe78@hotmail.com>] **På vegne av** Astrid Mellingen

Sendt: 23. mai 2012 00:47

Til: Postmottak Radøy

Emne: Asfaltering i Langhøyane byggjefelt.

Astrid W. Mellingen
Langhøyane 16
5936 Manger

Radøy kommune
5936 Manger

[Oppmoding til prioritering av asfaltering i Langhøyane byggjefelt, øvst på partalssida.](#)

Her i Langhøyane byggjefelt, på vegen til nr 12, 14, 16, 18, 20, 22 og 24 manglar det framleis asfalt. Denne skulle vore lagt då feltet opna i siste halvdel av 1990-talet. Me har vore i kontakt med kommunen om dette fleire gonger før. Det har berre blitt litt påfyll av grus i dei verste gropene. Særskilt i krysset er grus lite hensiktsmessig. Dekket forsvinn raskt då det er eit T-kryss med kraftige spor til begge sider, som også har trafikk rett fram. Kvar vinter skavar snøploegen av litt meir av kanten på dei dyrebare asfaltmetrane som ligg for seg sjølve framfor nr 14 og 16 . Det er på denne biten at alle borna i naboalaget driv med sykling på to og tre hjul, sparkesykling og rulleskøyter, og det er her dei teiknar opp paradis. Me har store problem med sandføyk frå vegen, som i tillegg til å dekkja bilar, kledning og vindauge, gjer det umogeleg for nr 10 å ha klede på tørkestativet og tettar att filtera til luftesystema i nr 16 og 18. Det grusdekket som er her no er også nesten borte, og bilane får hard medfart av stein som stikk opp av vegen. Om de kunne fått plass til nokre titals meter asfaltveg hjå oss i budsjettet til neste år hadde det vore kjempefint. Kom gjerne å sjå korleis me har det i vårt trivelege nabolag!

Med venleg helsing

Aud Sivertsen i nr 10
Marianne Hvidsten i nr 12
Hege og Ronny Thomassen i nr 14
Astrid og Yngve Mellingen i nr 16
Lars-Erik Ervik og Monica Marøy i nr 18
Linda og Frode Floen i nr 20
Hege Fjellanger og Jan Hellesund i nr 22
og Erlend Grindheim og Mariell Vetaas i nr 24

Mrs

Astrid Wergeland Mellingen

Langhøyane 16, N-5936 MANGER, NORWAY

+47 90632915

e-mail astrid@wergeland.org